

## Referat frå styremøte, 11/02 2021, kl. 19.30 på Teams

Desse møtte: Knut Evensen, Ola Hareland, Eirik Kolbjørnshus, Frode Rudland og Pål Kjorstad. Gro og Jonny meldte forfall og Anne Terningen vart innkalla og møtte i tillegg

### Sak 06/2021: Referatsaker

- Referat styremøte frå styremøte 14/01 2021, godkjent i e-postrunde før
- Innstilling valnemnda OSG  
Valgkomitéen i OSG for 2021 der representantar i valnemnda har møtt på 2 møter på Teams, den 19. og 25/1 2021, der alle tillitsvalde i OSG og Ring 41 vart intervjuet.  
Valnemnda har vore:  
Arnfinn Beito, Slidre vara Sondre Imsgard, Hadeland, Arnfinn var leiar i nemnda  
Ola Kjorstad m/vara Hans Rønshaugen.  
Inger Marie Nyløkken m/vara Trond Dalsegg, Inger Marie var nestleiar i nemnda  
Paal Hveem Kjølseth m/vara Johnny Høyesveen

### Oppland Sau og Geit, fylkeslaget:

#### a) Leiar for 1 år:

**Knut Evensen, Fåvang Sau og Geit vart innstilt**

#### b) 2 styremedlemmar for 2 år:

**Frode Rudland, Kolbu Sau og Geit vart innstilt**

**Jonny Mathisen, Nord-Fron Sau og Geit vart innstilt**

#### c) Nestleiar for 1 år:

**Ola Hareland, Lesja Sau og Geit vart innstilt**

#### d) 3 varamedlemmar i nummerorden for 1 år:

**1. Kjell Gudmund Svien, Vang Sau og Geit**

**2. Marte Stine Skålsveen, Gausdal Sau og Geit**

**3. Anne Terningen, Nordre Land**

#### e) Revisor for 1 år:

**Paul Vesteraas, tidlegare leiar av Toten Regnskapskontor AS, og Ken Lunn, Vestre Toten Sau og Geit vart innstilt**

#### f) 1 medlem i valnemnda m/var for 2 år:

**Sondre Imsgard, Hadeland Sau og Geit med vara Arnfinn Beito, Slidre Sau og Geit**

#### g) Leiar i valnemnda m/vara for 1 år:

**Sondre Imsgard, Hadeland Sau og Geit med vara Inger Marie Nyløkken, Lesja Sau og Geit vart innstilt**

#### h) 4 utsendingar m/2 vara i nummerorden til årsmøte i NSG, 10. – 11. mars 2021:

**Knut Evensen, Ola Hareland, Jonny Mathisen og Gro Arneng med vara: 1. Frode Rudland 2. Kjell Gudmund Svien vart innstilt**

#### i) Møteleiar /vara for årsmøtet i 2022:

**Møteleiar årsmøte 2022: Ellen M. Syse, Lesja Sau og Geit med vara Frode Rudland, Kolbu Sau og Geit vart innstilt**

#### j) Ansvarleg for uteleige av utstyr frå Oppland Radiobjøllelag 2021 for 1 år:

**Pål Kjorstad vart innstilt**

#### k) Godtgjeringar for tillitsvalde 2021:

**Møtegodtgjering for møter i 2021: Kr. 200,- pr. time frå avreise til heimkomst,**

Postadresse:

Oppland Sau og Geit  
v/Pål Kjorstad, Moarusta 13  
2647 Sør-Fron

Telefon:

99034406

E-post:

[pkjorstad@outlook.com](mailto:pkjorstad@outlook.com)

Bankkonto:

2095.19.84249

Heimeside:

<http://www.nsg.no/Oppland/>

*kjøring etter statens satsar (for tida kr. 4,03 pr. km med skattefri sats kr. 3,50) og kr. 600,- pr. telefonmøte*

*Godtgjering for leiar for 2021: Kr. 25.000,- fast + godtgjering for møter*

*Godtgjering til rovviltansvarleg for 2021: Kr. 15.000,- fast + godtgjering for møter og utført arbeid etter vedteke timesats*

*Alle timesatsar og godtgjeringar vedtok valnemnda å innstilla på det same som før, etter einsarta svar frå alle tillitsvalde*

I) Leiepris for pr. eining av elektronisk overvakingsutstyr 2021

*Styret skal i følgje ny instruks innstilla på dette frå og med årsmøtet i 2021*

Generelt:

*I tillegg diskuterte valnemnda utfordringa med at gjetarhundrepresentanten i styret ved denne innstillinga vart borte.*

*Valnemnda innstilte på at OSG som fylkeslag måtte ha eit tett samarbeid med OGL.*

Ring 41 Oppland:

a) *Leiar for 1 år:*

*Peder Leirdal, avdeling 57 Toten vart innstilt*

b) 2 styremedlemmar for 2 år:

*Helge Nordlien, avdeling 46 Fåberg/Gausdal vart innstilt*

*Ola Hareland, avdeling 59, Lesja vart innstilt*

c) Nestleiar for 1 år:

*Odd Steinar Granheim, avdeling 45 Fåvang vart innstilt*

d) 3 vara-medlemmar i nummerorden på for 1 år:

*1. Eirik Kolbjørnshus, avdeling 55 Nord-Valdres*

*2. Jens Ove Isumhaugen, avdeling 50 Sør-Fron*

*3. Vegard Amrud, vara spæl, avdeling 45 Fåvang*

e) 1 medlem med vara i valnemnda for 2 år:

*Pål Borgen, avdeling 48 Fåvang med vara Ola Masseng Sylte, avdeling 52 Nord-Fron vart innstilt*

f) Godtgjeringar for tillitsvalde 2021:

*Møtegodtgjering for møter i 2021: Kr. 200,- pr. time frå avreise til heimkomst, kjøring etter statens satsar (for tida kr. 4,03 pr. km med skattefri sats kr. 3,50) og kr. 600,- pr. telefonmøte*

*Godtgjering for leiar for 2021: Kr. 15.000,- fast + godtgjering for møter*

g) Møteleiar for årsmøtet 2022:

*Peder Leirdal, avdeling 57 Toten og leiar i Ring 41 vart innstilt*

- Retur radiobjøller Telespor, Pant: 200 stk. grå, 411 stk. 2016, 281 stk. 2017 og oppgradering på 782 stk. 2018. Jonny kjørte ned radiobjøller frå Nordalen 6/2, Jonny og Pål kjørte inn resten frå Midtdalen og nedover og til Telespor i Asker den 8/2.
- Pål var på 2. møte med Midt-Gudbrandsdal- og Nord-Fron Landbrukskontor om Nofence-prosjektet på storfe. Oppland Radiobjøllelag skal kjøpa inn 50 Nofenceklavar fyrste året og leiga dei ut i 2 år og kanskje utvida med 20 til i 2022. Klavane vert ått av ORL vidare, samstundes som vi søker om ekstra midlar frå «Tilskot til tiltak i beiteområder» for å kjøpa dei
- Representantskapsmøte i NSG 27/01 2021, Knut deltok og orienterte styret frå møtet som i vesentleg grad handla om sakar som i utgangspunktet var spelt inn av OSG
- Status årsmøter/årsrapporter lokallaga, vi har ikkje heilt kontroll på kven som har halde årsmøter, men desse laga har til nå sendt inn årsrapport til NSG: Ringebu, Skjåk,

- Vardal, Fåvang, Lesja, Nordre Land, Vågå, Nord-Aurdal, Fåberg, Biri og Nord-Fron.  
 Vi ber lokallagsfaddarane merka seg dette og kontakta dei som ikkje har sendt rapport
- Årsmøte Lesja Sau og Geit og Nord-Fron Sau og Geit, Jonny deltok frå OSG
  - Årsmøte i Øyer-Tretten Sau og Geit, Knut deltok frå OSG
  - Beitenæringer i Lesja ved Gaute Romslo, Erik Bakken og Ola Hareland har fått presentert tapa sine til rovvilt i ein artikkel i Bondebladet

### **Sak 07/2021: Årsmøte OSG 2021**

- Status: Grunna covid-19 vert vi delt i 2 grupper på hotellet under årsmøtehelga da det er eit maks tal på 10 personar
- Æresmedlemskap vart tildelt etter innspel frå eit lokallag. OSG sender dette til NSG til godkjenning
- Diverse priser, beste vær, beste bukk, FM mester i gjetarhund. Styret bestemte ymse ordningar for å dela ut prisane til dei ulike. Ansvar: Eirik gjetarhund, Ola beste vær og beste bukk, Ola sjekkar med Peder at alt er ok med premier og Knut tek beste spælvær
- Saker årsmøte. Her bestemte styret at vi skal ta opp 2 saker:

9 a) Ekstra driftstilskot til fylkeslaget v/fylkesstyret. Styret innstiller på at det ikkje skal krevjas inn driftstilskot frå lokallaga i 2021

9 b) Sak frå Skjåk Sau og Geit, som hadde eit innspel til OSG i forkant av styremøte. Vi ser på denne og lager ei uttale på kva som er gjort og kva som må gjerast i forhold til beitedyr og jerv i sone 3 Oppland. Skrivet var slik:

*Har dei siste dagane fått bekymringstelefon frå saueigarar som kvir seg på komande beitesesong. Dette grunna utbreiinga av jerv i Skjåk. Utover sommaren og hausten 2020 vart det gjort fleire pålitelege observasjonar av jerv og i andre område enn Reinheimen. Vest i Skjåk (i Breheimen) var det sett jerv fleire gongar, ikkje uvanleg med fleire jervar i fylge (tisper med 2-3 ungar). Tapstala i haust tydar og på større jervaktivitet på sørssida av Ottadalen, med aukande tap av sau/lam i området Bråtå – Raudalen og i Tundradalen.*

*Det rek jerv overalt. SNO driv med sporing i fjellområda, fangar dei da opp alt? Ikkje sikkert, for oss som kjent er jerven òg eit skogsdyr, og spor om vinteren fortel oss at jerven ofte ferdast nede i skogen. I Skjåk har det så langt i vinter ikkje lykkast jegerane å ta ut jerv. Det er att nokre veker av lisensjakta, så vi får håpe einkvan lykkast. Ut frå observasjonar og sporing, hjelp uttak av ein jerv kanskje noko, men ikkje nok.*

*Dei siste åra har det vore mest fokus på nordsida av Skjåk, Reinheimen frå grensa mot Møre og Romsdal i vest til Finndalen i aust. Der har det vore store tap i mange år både på Skjåk og Lesjasida. Dei mange jervynglingane i Skjåk og tilliggjande område i fjar, betyr når det ikkje blir teke ut dyr, at tal jerv aukar og breier seg utover i fjellområda våre.*

*Vi har sett forslag på prioritering av område for ekstraordinære uttak, der Reinheimen i Skjåk er inne på lista, men ikkje på topp. Det er inga motsetning mellom Reinheimen og resten av beiteområda i Skjåk, men vi må ha for auga at nå ser det ut til at jervtalet veks i heile Skjåk, med fylgjer det får for beitenæringer.*

*Kva skal vi gjera? Skjåk ligg i jervprioritert sone, men er det rett at eit geografisk område nordvest i Oppland skal huse eit jervtal som er høgare enn bestandsmålet for heile Oppland? Vi fryktar tapstala vil auke. Ser ikkje at planlagt tidlegsanking er vegen å gå. Skal småfenæringer nedleggjast? Det kan bli ein realitet om få år, om ikkje jervtalet blir halde nede på eit akseptabelt nivå.*

*Har ikkje Staten og eit ansvar for dyrevelferda? Alle som driv med sau er bekymra for komande beitesesong. Årvisse møte med og mellom instansar gjev aldri noko resultat. Rovviltnemnda sit inne med kjennskap og kunnskap om rovviltsituasjonen både angåande jerv*

*og andre rovvilt, og gjer sikkert jobben sin på beste måte, men vi minner likevel om kor alvorleg situasjonen er og kan bli i våre beiteområde, om ikkje uttak av fleire jervar blir gjennomført.*

10 l) Leiepris for pr. eining av elektronisk overvakingsutstyr 2021. Styret i OSG skal i følgje ny instruks innstilla på dette frå og med årsmøtet i 2021. Styret vedtok å innstilla på kr. 270,- pr. eining som i fjar. Grunngjevingar: Lik pris av elektronisk overvakingsutstyr, som Telespor, Findmy, Smartbjella og eventuelt Gjetargut, da ein opptrer solidarisk med medlemmar i beiteområder utan dekning. Ein får da kjøpt inn att einingar som går ut, og delvis fleire einingar. Oppland Radiobjøllelag leiger ut alle einingar dei har, med unnatak av ein del grå Telespor.

Vedtak i saka:

- Styret i OSG vedtok einstemmig vedtaka over og tok elles informasjonen til etterretning

**Sak 08/2021: Årsmelding OSG**

- Styret i OSG gjekk gjennom årsmeldinga og rekneskapen

Vedtak i saka:

- Styret i OSG vedtok einstemmig årsmelding og rekneskap for Oppland Sau og Geit

**Sak 09/2021: Val NSG 2021**

- Innstillinga til val i NSG kom 05/02 2021:
- Styret: Styremedlemmer:
  - Leder: Ronald Slemmen, 6445 MALMEFJORDEN
  - Ny Nestleder: Marthe Lang-Ree, 2636 ØYER Ny som nestleder
  - Styremedlem: Sigurd Vikesland, 5741 AURLAND Gjenvalg
  - Styremedlem: Anne Kari Leiråmo Snefjellå, 8616 MO I RANA Ikke på valg
  - Styremedlem: Torill Undheim, 4363 BRUSAND Ikke på valg
  - Styremedlem: Else Horge Asplin, 3540 NESBYEN Gjenvalg
  - Styremedlem: Ketil Trongmo, 8646 KORGEN Ny
- Varamedlemmer til styret (i nummerrekkefølge):
  - 1. Nils Inge Hitland, 5137 MJØLKERAÅEN Ny
  - 2. Jo Rislov, 6893 VIK I SOGN Ny
  - 3. Håvard Helgeland, 5560 NEDSTRAND Ny
- Det har vore mykje ringing rundt om i fylka etter innstillinga, der både sitjande leiar og nestleiar ikkje vart teke med på ny i dei rollane dei ynskte
- Knut orienterte kven han hadde vore i kontakt med og kvar Oppland stod i prosessen

Vedtak i saka:

- Styret i OSG tok informasjonen til etterretning og støtta måten Jonny og Knut hadde takla prosessen

**Sak 10/2021: Sak frå Nibio - Beiteforsøk**

- Ola Flaten har sendt eit brev til OSG angåande eit forskningsprosjekt dei prøvde å starta i 2020 utan å få mange nok med seg. Brevet er slik:
  - «Vi er en gruppe forskere i NIBIO (de fleste av oss jobber i Innlandet) som planlegger å sende inn en søknad til Forskningsmidler over jordbruksavtalen. Mål med prosjektet er å: 1) Gi kunnskap om årsakene til endringene i utmarksbeitebruken og seterdrifta, 2) Studere virkningene av mindre utmarksbeiting og færre setre, 3) Utvikle og presentere forslag til tiltak for å hindre nedgangen og evt. øke utmarksbeiting og

*setring. Prosjektet vil dekke både småfe og storfe og både beitebruk i utmarka og seterdrift samt både økologisk og konvensjonell drift. Vi ønsker å studere dette i Valdres og i Nord-Østerdal/Røros. Se ellers vedlagte sammendrag for mer informasjon om prosjektet.*

- *Det hadde vært meget nyttig for prosjektet om dere kunne være med på søknaden. Om prosjektet blir innvilget innebærer det at dere blir med på årlege prosjektmøter i Valdres (det vil også være mulig å delta elektronisk).*
- *Dersom dere ønsker å være med trenger vi et signert intensjonsbrev fra dere (se vedlegg). Frist for søknaden er 17.02. så fint om dere har mulighet til å sende intensjonsbrevet innen 01.02. Kronebeløpet i intensjonsbrevet tilsvarer deltagelse på 4 møter i løpet av prosjektperioden på 4 år.*
- *Søknaden ble sendt inn i fjor også til samme utlysning, men da var det bare Røros/Nord-Østerdalen som var med. Vi fikk meget gode tilbakemeldinger på søknaden (se vedlegg), og vi ønsker derfor å søker på nytt og å ta med Valdres.»*

Vedtak i saka:

- Styret i OSG vedtok einstemmig at dei stilte seg positive til at forskarane i NIBIO skulle forska på dette, og bruka Valdres som eit slikt område

**Sak 11/2021: Jordbruksforhandlingar**

- Utgangspunkt: Sau er den dårlegast betalte næringa i jordbruket.
- Hittil har Biri, Sør-Fron og ein enkeltperson svara på e-posten kring jordbruksforhandlingar frå OSG. Svarfristen var ikkje ute enda da møte vart halde
- Oppland Sau og Geit har gjeve innspel til NSG innan førra svarfrist på oppsett skjema
- Oppland Sau og Geit skal gje eit meire detaljert svar til NSG innan 18/2 2021

Vedtak i saka:

- Styret i OSG vedtok at dei skulle venta til siste frist for om mogleg at fleire lokallag kan koma med innspel. Deretter skal Knut samanfatta innstillinga frå OSG og ta ein e-postrunde i styret før han sender det inn. Innstillinga frå Oppland skal vera detaljert med så gode grunngjevingar som råd er.

**Sak 12/2021: Eventuelt**

- Gro hadde spelt inn att saka kring avliving av geitekillingar. Dette kan verta svært negativt for næringa dersom det kjem fram i media, og OSG må arbeida hardt inn mot NSG og faglaga på dette området. Ein må sørga for at dei fleste førar fram killingane og får slakta dei. Dette er ikkje berre ei utfordring for geitebonden, men for slakteria òg. Men pilene peikar oppover, fleire har vorte slakta dei siste 3 åra, og slaktetilskotet er ei god draghjelp. Som med andre småfeprodukt heng dette på marknad og produktutvikling
- I forhold til covid-19 er vi enda ein gong i ei utfordring med utanlandske klipparar, først og fremst grunna karantene. Knut har sendt ut eit brev om dette til NSG m/fleire for å be alle hjelpa til. Eirik i Ull- og klipperådet i NSG kunne fortelja at fleire tiltak alt var drøfta og sett i gang:
  1. Dra ut klippesesongen ved å starta før i isolerte fjøs
  2. Vurdera å få utanlandske klipparar definert som kritisk viktig personale
  3. Fleire saueklipparar i Norge har tid til overs, og liste med namn finn ein på nsg.no
  4. Det er alt gått inn aktivt fleire stadar og fått inn norske klipparar